

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 24.03.2011 kl 11:45 – 14.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 015/11 - 022/11

Innkalling til møtet var sendt ut den: 18.03.2011

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Marianne Ulvatn, vara	Jon Terje Sætre
Ragnvald Tangedal, vara	Wenke Fredheim Ekren	
Torfinn Aga, vara	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Bjørn Egil Nordland	Frode Langhelle	
Dina Merete K. Dyrhovden		

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Lise Dyrhovden, vara	Janne Judith Sandnes	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Siri Tangedal Kratzmeier	Erlend Kvamsdal	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Møtebok frå Masfjorden eldreråd frå møte 22.03.2011 Tilsynsmelding frå Helsetilsynet
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Ordfører Håkon Matre ønske velkommen til Lise Dyrhovden som møtte som vara for KrF for første gong.

Innkallinga vart godkjent.

Sakslista vart godkjent.

Ordfører Håkon Matre gjorde framlegg om Leila T. Andvik og Vigdis Søvik til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
015/11	11/187	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
016/11	10/24	Områdeplan for Matre – finansiering av planarbeid	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
017/11	08/719	Etablering av ny drikkevassforsyning for Matre vassverk - val av løysing	14
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
018/11	10/74	Skuleskyss for elevane i Fossdalen	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
019/11	11/138	Startlån - opptak av lån 2011 for vidare utlån	24
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
020/11	10/354	Revidert finansreglement	29
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
021/11	11/92	Budsjettsaldering av årsbudsjettet for 2011	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
022/11	11/186	Skriv og meldingar	54

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.03.2011	015/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/187
-----------	---------------------

SAK 015/11 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 24.02.11 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-015/11 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 24.02.2011 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.03.2011	021/11	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	24.03.2011	016/11	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 10/24
---------------------	--------------------

SAK 016/11 OMRÅDEPLAN FOR MATRE, FINANSIERING AV PLANARBEID

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjera avtale med Asplan Analyse om utarbeiding av områdeplan for Matre.

Finansiering vert innarbeidd i budsjettrevisjonen for 2011.

Finansiering

Heimel

FS-021/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjera avtale med Asplan Analyse om utarbeiding av områdeplan for Matre.

Finansiering av planarbeidet ved områdeplanen på Matre vert innarbeidd i budsjettrevisjonen for 2011.

Det skjedde i Formannskapet den 17.03.2011:

Ordførar Håkon Matre spurde formannskapet om han var ugild i denne saka og.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at i denne saka handlar det om å ta stilling til ein reguleringsplan. Rådmannen kan ikkje sjå at ordførar er ugild i denne saka.

Det vart røysta over om Håkon Matre var ugild.

Formannskapet vedtok samrøystes at ordførar Håkon Matre er gild i denne saka.

Ordfører Håkon Matre overtok no leiinga av møtet.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte og sa at kommunen har bede om tilbod frå tre konsulentfirma, men berre Asplan har kome med tilbod. Dei kan gjera arbeidet innan fristen som er sett. Kommunen har gode erfaringar med Asplan og arbeid dei har gjort for kommunen tidlegare.

Rådmann Lovisa Midtbø gjorde forslag om ei endring i framlegg til vedtak:

”Finansiering av planarbeidet ved områdeplanen på Matre vert innarbeidd i budsjettrevisjonen for 2011.”

Vigdis Søvik, Sp, spurde om det har vore etterspurnad etter tomtane som er avsett på Matre. Ho spurde og korleis status var med bustadane som Statsbygg skulle bygga med medverknad frå kommunen.

Rådmannen svara at det har det vore noko etterspurnad etter tomtar på Matre. Prosjektet med bustadane som Statsbygg skulle byggja står i stampe. Områdeplanen på Matre må reviderast uansett kva føremål me har på Matre. Når det kjem fleire arbeidsplassar i næringsparken vil det vera viktig å kunna tilby tomtar. Matre er ein plass det kan rekrutterast folk til, det er difor viktig å ha byggjeklare tomtar regulert inn i plansamanheng.

Willy Borge, Frp, sa at me må ha planen, men spørsmålet kan vera om omfanget er for stort.

Rådmann Lovisa Midtbø synte til vedtaket i kommunestyret som fastset omfanget for planen.

Framlegg til vedtak med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS-016/11 VEDTAK:

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjera avtale med Asplan Analyse om utarbeiding av områdeplan for Matre.

Finansiering av planarbeidet ved områdeplanen på Matre vert innarbeidd i budsjettrevisjonen for 2011.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Ordfører Håkon Matre spurde om han var ugild i saka sidan han er grunneigar.

Varaordfører overtok no som ordfører for avrøysting i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at dette handlar om å ta stilling til å laga ein reguleringsplan og ho kan ikkje sjå at ordfører er ugild i denne saka.

Røysting:

Håkon Matre vart samrøystes kjent gild i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om bakgrunnen for saka.

Både BKK si utbetring av kraftstasjonen på Matre, ny kommunal vassforsyning og ferdigstilling av E39 gjennom Matre gjer revisjon av gjeldande reguleringsplan naudsynt. Saka i dag gjeld finansiering av dette planarbeidet som kommunestyret tidlegare har vedteke.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det er vel ikkje berre for molen at planen vert laga men og for ein del andre ting, for eksempel bustadfelt på Matresøyna. Det er vel ikkje så aktuelt med molo dersom det ikkje kjem bustadfelt.

Dale spurde og om grunneigarane er interessert i at det skal byggast bustadfelt der?

Rådmann Lovisa Midtbø svara at kommunen har og hatt møte med grunneigarane som er positive til prosjektet. Dei var og blant dei som jobba for dette for 25 år sidan.

Vigdis Søvik, Sp, sa at det er bra at det vert etablert bustadfelt på Matresøyna. Ho spurde om korleis fylkesmannen ville stilla seg til bygging innanfor 100 meters beltet. Ho spurde og tilførselsvegar for å transportera massane og om det i denne samanhengen vore drøfta samarbeid med BKK for utbetring av brua.

Ordfører Håkon Matre sa at BKK er i utgangspunktet positiv til å vera med på utbetring av brua.

Kommunen har hatt møte med BKK og vegvesenet i haust om dette.

BKK ynskjer ikkje å ta transporten av massane forbi skule og barnehage. Opprusting av brua ligg i vegvesenet sine planar.

Det er ikkje aktuelt for BKK å forskottera brua når ikkje dei skal bruka ho i anleggsperioden.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at ny områdeplanen vil gjera det mogeleg å leggja byggefelt på Matresøyna. Det er ikkje mykje funksjonell strandsone på øya, og me kan i planarbeidet dokumentera kvar me har funksjonell strandsone..

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	28.12.2009	Asplan Viak	Forprosjekt for etablering av molo mellom Store Matre og Matresøya
3	U	08.02.2010	Frank Lorenzen Rønhovde; Trond Lorenzen Rønhovde	Orientering om prosess og oversending av rapport frå forundersøkinga som gjeld mogeleg vegutløysing til Matresøya
4	I	09.02.2010	Opphavelge grunneigarar på Matre v/Ivar Helge Matre	Veg til Matresøya - førebelse merknader i høve planprogram for vegutløysing
5	I	15.02.2010	Trond Rønhovde	Uttale til forprosjekt molo/veg mellom Storematre og Matresøya
7	I	19.02.2010	Asplan Viak AS	Forprosjekt vegutløysing - molo til Matresøya
8	U	09.03.2010	Håkon Matre; Barnas representant; BKK nett As; Fiskeridirektoratet region Vest; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Matre skule; Indre Masfjorden barnehage; Havforskningsinstituttet Matre; Statsbygg V/Bjørn Rune Kvinge; BKK Produksjon; Heimetenestene i Indrefjorden v/Elin Eikemo; Arnold Matre; Martin Peter Matre; Håvard Bjørnevoll; Torgeir Matre; Ivar Matre; Trond Lorenzen Rønhovde; Frank Lorenzen Rønhovde;	Melding om politisk vedtak - planprogram for endring av reguleringsplan for Matre - etablering av vegutløysing til Matresøya

			Rolf Johan Rønhovde; Matre Utvikling AS	
13	I	16.04.2010	Havforskningsinstituttet	Merknader til planprogram for endring av reguleringsplan for Matre
9	I	16.04.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til planprogram for endringa av reguleringsplan for Matre - Vegutløysing Matresøya
11	I	19.04.2010	Trond Rønhovde	Innspill/kommentarer til høring vedr endring av reguleringsplan for Matre
12	I	19.04.2010	NVE	Forprosjekt til planprogram og varsel om oppstart av arbeid med endring av reguleringsplan Matre
15	I	19.04.2010	Regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune	Uttale til endring av reguleringsplan for Matre
14	U	27.04.2010	Havforskningsinstituttet v/Øivind Torslett; Havforskningsinstituttet v/Tore Nepstad	Ad HI, Matre sine merknader til endring av reguleringsplan for Matre - ber om møte
17	I	16.06.2010	Havforskningsinstituttet v/Øyvind Torslett	Innspel til konsekvensutgreiing for deponering av massar
18	U	23.06.2010	Havforskningsinstituttet v/Øivind Torslett; BKK produksjon v/Espen Hammersland; rådmann Lovisa Midtbø; varaordførar Kari Skår Sørheim	Oversending av møtereferat
19	U	28.06.2010	Ivar Helge Matre; Fylkesmannen i Hordaland; Regionalavdelinga Hordaland fylkeskommune; Arnold Matre; Barnas representant v/Berit Lygre; BKK nett As; BKK Produksjon; Fiskeridirektoratet region Vest; Frank Lorenzen Rønhovde; Havforskningsinstituttet v/Øivind Torslett; Heimetenestene i Indrefjorden v/Elin Eikemo; Ivar Matre; Håkon Matre; Håvard Bjørnevoll; Indre Masfjorden barnehage; Kystverket Vest; Martin Peter Matre; Matre skule;	Melding om politisk vedtak - fastsetting av planprogram for endring av reguleringsplan for Matre

		Matre Utvikling AS; Mattilsynet for Bergen og omland; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; NVE Region Vest; Rolf Johan Rønhovde; Statens vegvesen; Statsbygg V/Bjørn Rune Kvinge; Torgeir Matre; Trond Lorenzen Rønhovde	
20	I	01.03.2011	Haugsvær helselag v/Bente Håvåg og Torill Kristoffersen
			Innspel til bruk av steinmassane på Matre

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I samband med at BKK skal rehabilitera kraftstasjonen på Matre, har Masfjorden kommune gjort førebuande arbeid for å avklara om steinmassane frå den nye kraftstasjonen kan nyttast til fylling som kan gje veg til Matresøya. Innbyggjarar /grunneigarar på Matre gjorde framlegg om vegutløysing til Matresøya då Masfjordtunellen vart bygd, men massane frå den utbygginga vart nytta til andre føremål. Rehabiliteringa av kraftstasjonen til BKK kan no gje ein ny sjanse til å realisera vegframføring til Matresøy. Dette vil på sikt vera eit verdfullt tiltak for å etablera bustadfelt på Matresøya. Arealet på Matre er avgrensa, og det vil gje nye utviklingsperspektiv på Matre dersom øya på sikt kan nyttast til bustadføremål.

Masfjorden kommunestyre har tidlegare handsama forprosjekt og i sak 59/10, 17.06.2010 vedtok kommunestyret igangsetting av revisjon av reguleringsplan for Matre- etablering av vegutløysing til Matresøya. I samband med planarbeidet, har det kome opp tilhøve og kostnader som ikkje er handsama i kommunestyret. Prosjektet er no kome så langt at rådmannen legg saka fram til ny handsaming, slik at det kan gjerast oppdaterte politisk vedtak om finansiering, vegval og prioriteringar i saka.

Rådmannen vil peika på at etablering av bustadfelt på Matresøy har eit tidsperspektiv ut over noverande økonomiplanperiode. Det kommunestyret no må sikra, er at planarbeidet til Masfjorden kommune gjer det mogleg å etablera fylling/vegframføring til Matresøya dersom BKK vedtek å byggja ny kraftstasjon og avsluttande arbeid med konsekvensutgreiinga viser at dette er mogleg, basert på vurderingar av natur- og miljøomsyn.

HØYRING/ UTTALE

Følgjer saka om revisjon reguleringsplan, men uttalane som er komne inn, er positive til å etablera molo/vegframføring til Matresøy dersom konsekvensutgreiinga og planarbeidet dokumenterer at dette er mogleg med omsyn til natur, miljø og omsyn til HI .

FAKTA

BKK arbeider no med å gjera endeleg vedtak om kva løysing ein skal velja for rehabiliteringa av kraftstasjonen på Matre. Alternativet med bygging av ny kraftstasjon lenger inne i fjellet, vil gje nok massar til å etablera vegutløysing til Matresøyna. Saka skal opp til avgjerd i BKK-systemet i år, og kjem til BKK-styret no i vår.

Rådmannen har blitt godt informert om BKK sitt arbeid med prosjektering og konsekvensutgreiing. Så langt ein no ser av undersøkingar og konsekvensutgreiingar, er det mogleg å etablera vegutløysing til Matresøyna. Det tilhøvet som framleis skal avklarast, er spørsmålet om rein sjøvassforsyning i anleggstida til Havforskningsinstituttet sine anlegg på Matre. Dette spørsmålet er avgjerande for om vegutløysing kan etablerast.

Dersom det skal vera mogleg å plassera massane frå anleggsarbeidet i fylling til Matresøya, må Masfjorden kommune ha ferdigstilt endringar i reguleringsplanen for Matre, slik at trase for fyllinga frå fastlandet til øya er utgreidd, har vore på høyring og er vedteken av kommunestyret. Arbeidet med å revidera reguleringsplanen er i gang, det er tidkrevjande og komplisert. Rådmannen ser at kommunen ikkje har nok kapasitet og kompetanse til å gjera dette sjølv. Samstundes har kommunen også behov for å forsera dette planarbeidet for å arbeida inn løysingane som blir valde for det nye vassverket på Matre. Rådmannen har bede om tilbod på planarbeidet frå tre konsulentfirma, men berre Asplan Analyse har kome med tilbod og kan gjera arbeidet innan fristen vi har sett. Deira pris er kr 490 000 eks moms.

Det har og kome inn eit innspel frå Haugsvær helselag om å nytta massar frå kraftstasjonen på Matre til etablering av gang- og sykkelveg mellom Haugsvær og Matre. Dette innspelet kom først inn no. Rådmannen meiner dette er eit interessant tiltak som bør vurderast i samband med kommunedeplan for idrett og friluftsliv.

VURDERING

Føresett at BKK vedtek å byggja ny kraftstasjon, kan ein skissera følgjande tidsplan for anleggsperioden på Matre:

2012: Anleggsstart

2012-2014: Anleggsperiode. Etablering av fylling til Matresøy.

2014-2016: Tid for at fyllinga skal ”setta seg”

2017 og framover – mogleg etablering av bustadfelt på Matresøy.

Masfjorden kommune kan no leggja til rette for framtidig tilgang på byggjeland på Matresøya. Det er svært lite truleg at denne sjansen nokon gong kjem att. Samstundes viser tidsplanen at eit bustadfelt på Matresøy ligg noko fram i tid, og utafor noverande økonomiplanperiode. I denne saka må kommunen ha eit langsiktig perspektiv, og rådmannen meiner prosjektet har tre fasar:

Fase 1:**Etablere godkjend områdeplan(revisjon reguleringsplan) for Matre.**

Områdeplanen må vera ferdig når anleggsarbeidet startar og visa trase for fylling/vegframføring til Matresøy, grove grenser for framtidig bustadområde på Matresøy og tilkomstveg på fastlandet. I tillegg må planen visa naudsynte planendringar på Matre med omsyn til nytt vassverk, ferdigstilling E 39 gjennom Matre, busslomme ved skulen og andre aktuelle justeringar i gjeldande reguleringsplan. Dette arbeidet vart starta opp i samsvar med tidlegare vedtak i kommunestyret. Planarbeidet viser at det i stor grad er behov for kjøp av tenester for å gjera dette arbeidet, vi har m a fått krav om kartlegging av marine kulturminne og geologkompetanse.

For å sikra at alt ligg til rette for ei framtidig bustadbygging på Matresøy, vil rådmannen rå kommunestyret til til å styrkja samarbeidet med grunneigarane ved å etablere ein intensjonsavtale mellom Masfjorden kommune og grunneigarane om framtidig etablering av bustadfelt på øya.

Noverande kommunestyre må ta stilling til finansiering av Fase 1.

Fase 2:**Anleggsperioden**

I denne fasen er det BKK som har anleggsdrifta, og arbeidet med fylling/vegframføring skjer i samsvar med områdeplanen.

Det vil også i denne fasen vera viktig med kontinuerleg og god kontakt mellom kommunen og BKK, slik at tilhøve som kjem opp, vert handsama og avklart fortløpande. Ein må særleg ha merksemd på alle tilhøve som legg til rette for fase 3. Kontaktpersonen som grunneigarane har peika ut, må integrerast i denne fasen.

Fase 3:**Utvikling og etablering av bustadfelt på Matresøya**

I denne fasen må ein utarbeida detaljplanen for bustadfeltet, etablere vassforsyning, straum, breiband, vegar mv.

Organisering av etablering av infrastruktur, sal av tomtar, marknadsføring m v må på plass.

KONKLUSJON

Etablering av eit bustadfelt på Matresøya ligg så langt fram i tid, at det blir seinare kommunestyre som må ta ansvaret for å medverka til å realisera dette. Gjennom å forsera og finansiera fase 1- legg noverande kommunestyre til rette for at bustadarealet på Matre vert monaleg utvida. Basert på den utviklinga vi har sett på Matre, næringsarealet i Grøn næringspark, den strategiske plasseringa Matre har nær E 39 og erfaringane frå reguleringsarbeidet som viste kva arealkonfliktar vi har på Matre mellom gode og framtidsretta føremål, er det etter rådmannen sitt syn særst viktig å ta vare på sjansen til å etablere vegutløysing til Matresøya.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å gjera avtale med Asplan Analyse om utarbeiding av områdeplan for Matre.

Finansiering vert innarbeidd i budsjettrevisjonen for 2011.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.03.2011	020/11	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	24.03.2011	017/11	Gunnar Molland

Arkiv: N-54, N-PERM TML	Arkivsaknr.: 08/719
-------------------------	---------------------

SAK 017/11 - ETABLERING AV NY DRIKKEVASSFORSYNING FOR MATRE VASSVERK - VAL AV LØYSING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune etablerer ny drikkevasskjelde for Matre vassverk basert på grunnvassforsyning. Grunnvassbrønnane vert på holmen i Matreselva.

Masfjorden kommune etablerer nytt høgdebasseng på Stien i kort avstand frå eksisterande hus for desinfeksjon.

Arbeidet med etablering av ny drikkevasskjelde for Matre vassverk får ei kostnadsramme på 6,5 mill, jf investeringsbudsjettet

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med eit anbodgrunnlag for arbeidet og å innhente tilbud.

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med avtale om grunn både for grunnvassbrønnane, leidningstraseen og høgdebassenget.

Finansiering

- Låneopptak
- Tilskot frå BKK

Heimel

- Investeringsbudsjett 2011 – 2015
- Økonomireglementet for Masfjorden kommune

KS-017/11 VEDTAK :

Masfjorden kommune etablerer ny drikkevasskjelde for Matre vassverk basert på grunnvassforsyning. Grunnvassbrønnane vert på holmen i Matreselva.

Masfjorden kommune etablerer nytt høgdebasseng på Stien i kort avstand frå eksisterande hus for desinfeksjon.

Arbeidet med etablering av ny drikkevasskjelde for Matre vassverk får ei kostnadsramme på 6,5 mill, jf investeringsbudsjettet

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med eit anbudsgrunnlag for arbeidet og å innhente tilbod.

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med avtale om grunn både for grunnvassbrønnane, leidningstraseen og høgdebassenget.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Ordførar Håkon Matre spurde sa at han kjende seg ugild i denne saka sidan han er grunneigar.

Varaordførar Marit Steinestø overtok no som ordførar under avrøysting.

Det vart samrøystes vedteke at ordførar Håkon Matre er ugild i denne saka.

Ordførar forlet no møtet.

Liv Oda Dale, Ap, dette er ei gladsak. Dale hadde spørsmål om kva som var rett sum på kostnadsramma. I framlegg til vedtak står det 6,5 mill, men under alt. 2 på side 15 i saksutgreiinga er det oppgjeve 5,7 mill.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara:
6,5 mill er totalkostnaden inklusiv konsulenttenester.

Karstein Totland, H, spørsmål om kva avtalen med BKK innebar.

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at ein vil gå inn i ein dialog med BKK på bakgrunn av kommunestyrevedtaket der endeleg sum blir avklart.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS-020/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune etablerer ny drikkevasskjelde for Matre vassverk basert på grunnvassforsyning. Grunnvassbrønnane vert på holmen i Matreselva.

Masfjorden kommune etablerer nytt høgdebasseng på Stien i kort avstand frå eksisterande hus for desinfeksjon.

Arbeidet med etablering av ny drikkevasskjelde for Matre vassverk får ei kostnadsramme på 6,5 mill, jf investeringsbudsjettet

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med eit anbudsgrunnlag for arbeidet og å innhente tilbud.

Rådmannen vert beden om å starte arbeidet med avtale om grunn både for grunnvassbrønnane, leidningstraseen og høgdebassenget.

Det skjedde i Formannskapet den 17.03.2011:

Ordførar Håkon Matre spurde om han var ugild i denne saka sidan han er grunneigar på dette området.

Formannskapet vedtok samrøystes at Matre var ugild.

Varaordførar Marit Steinestø overtok no leiinga av møtet.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det vart orientert om denne saka i samband med budsjetthandsaminga den 09.12.2010 og finansiering av prosjektet ligg i investeringsbudsjettet for 2011.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
6	I	14.07.2008	Mattilsynet - Distriktskontor for Bergen og omland	Matre vassverk - vedtak om pålegg
1	I	26.09.2008	Asplan Viak As	Oppdragsbekreftelse
3	I	24.10.2008	Mattilsynet - Distriktskontor for Bergen og Omland	Matre vassverk - gjennomføring av vedtak - utsett frist
2	U	28.10.2008	Karin Anne Smith Matre	Matre vassverk - Ny vasskjelde i Matredalen
4	I	15.05.2009	Asplan Viak AS	Matre vassverk - forprosjekt -

5	I	02.07.2009	Asplan Viak	endringsvarsel Oversendelse av oppdragsrapport - Hydrogeologiske undersøkelser i Matre
9	I	11.12.2009	Asplan Viak AS	Prøvepumpingsprogram
10	I	11.12.2009	Asplan Viak AS	Rapport fra forundersøkelser
8	U	11.12.2009	Mattilsynet - distriktskontor for Bergen og omland	Matre vassverk - uttale i samband med varsel om vedtak om pålegg
11	I	11.12.2009	Asplan Viak AS	Vedrørende tilsynsrapport fra mattilsynet - Matre Vassverk
12	I	08.01.2010	Mattilsynet	Vedtak om pålegg - Matre vassverk
13	U	27.01.2010	Mattilsynet	Klage på Mattilsynet sitt vedtak om pålegg - tvangsmulkt Matre vassverk
14	I	08.02.2010	Mattilsynet	Svar på klage på Mattilsynet sitt vedtak om pålegg - tvangsmulkt Matre vassverk
15	U	05.03.2010	Mattilsynet	Matre vassverk - oppfølging etter møte 5.2.2010 og brev av 8.2.2010
16	I	10.03.2010	Mattilsynet	Matre vassverk - fråfall av tvangsmulkt og utsett frist for fargefjerning
17	U	23.06.2010	Mattilsynets felles postmottak v / Odd Tøsdal	Utsett frist for plangodkjenning - Nye Matre vassverk
18	I	25.06.2010	Mattilsynet	Vedtak om pålegg Matre vassverk
19	I	21.09.2010	Asplan Viak AS	Oppdragsbekreftelse Matre vassverk - detaljprosjektering
20	I	05.10.2010	Asplan Viak AS	Matre vassverk - forprosjekt - Endringsvarsel 2
21	I	12.10.2010	Mattilsynet	Matre vassverk - nytt og endra vedtak om pålegg
22	I	27.10.2010	Asplan Viak AS	Underskrive endringsvarsel 2
23	U	28.10.2010	Asplan Viak AS	Endringsvarsel i retur i underskriven stand
24	U	03.11.2010	Asplan Viak AS	Oversending av oppdragsbekreftelse i underskriven stand
7	U	26.11.2010	Mattilsynet - Distriktskontor for Bergen og omland	Matre vassverk - vedtak om pålegg
26	I	24.02.2011	Vestnorsk Brunnboring AS	Borehull for framføring av vannledninger i Matre.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune overtok Matre vassverk frå BKK den 01.01.2005 ved avtale dagsett 10.02.2006. Vedlegg 3 til denne avtalen seier:

Dersom kommunen ved overtaking av vassverk vert pålagt nye og utvida renskrav innan 5 år, legg partane til grunn følgjande kostnadsfordeling:

Renseanlegg

<i>med samla prosjektkostnader:</i>	<i>Masfjorden</i>	<i>BKK</i>
<i>[...]</i>		
<i>1 000 000</i>	<i>1 000 000</i>	
<i>1 100 000</i>	<i>1 000 000</i>	<i>100 000</i>
<i>[...]</i>		
<i>2 000 000</i>	<i>1 000 000</i>	<i>1 000 000</i>

Masfjorden kommune fekk i brev dagsett 14.07.2008 frå Mattilsynet krav om å sikre at vassverket har minimum 2 hygieniske barrierar. Det vart varsla tvangsmulkt for 01.12.2008 viss ikkje dette var etablert innan denne dato.

Masfjorden kommune bestemte seg rimeleg tidleg for å gå bort frå overflatevatn som vassforsyningskjelde og heller satse på grunnvatn. Grunnvatn er i seg sjølv 1 hygienisk barriere. Det vart skrive kontrakt med Asplan Viak AS for å lokalisere eigna stad og å etablere prøveboring på Matre. Prøveboring vart utført i 1 år (frå nov 2009 til nov 2010) på holmen i Matreselva. Konklusjonen er at brønnane gjev nok vatn av ein tilfredstillande kvalitet.

Mattilsynet sett krav om planendring (hovudplan for vassverk) i vedtak dagsett 08.01.2010 noko som vart fråfalt i brev dagsett 05.10.2010.

Mattilsynet sett krav om ei ekstra hygienisk barriere (klor) i eksisterande vassverk fram til ny vasskjelde var etablert i brev dagsett 08.02.2010. Dette vart etablert kort tid etter at kravet kom og innanfor fristen som var sett.

Mattilsynet har no sett krav om etablering av 2 permanente hygieniske barrierar innan mars 2013 . Dette er tenkt løyst vha grunnvatn og UV-desinfisering.

FAKTA

Det vart halde møte mellom Masfjorden kommune BKK eigedom ang overtaking av Matre vassverk knytt til avtalen i jan 2010 og nytt møte desember same år. BKK har munnleg meldt at dei er gjort kjent med at det har kome nye krav om reinsing av drikkevatt og at BKK er gjort kjend med dette innan dei 5 åra som er nedfelt i avtalen.

Forhandlingar med BKK produksjon om delfinansiering har starta.

Formål vassverket er meldt inn i endringsprosessen for områdeplan for Matre.

VURDERING

Ein kom relativt tidleg fram til best eigna stad for etablering grunnvassbrønnane. Rådmannen har munnleg fått ok frå grunneigar av holmen; den skriftlege avtaledelen står att. Rådmannen har fått på bordet 2 alternativ for reinse- og distribusjonsnettet

Alt 1:

Pumpe vatn frå grunnvassbrønnane til ein utjamningstank plassert ein plass på Einekavane / Storematre. Frå denne tanken kan ein då pumpe drikkevatt rett på nettet via UV-filer og ein ville kople seg på eksisterande leidningsnett i kum på Einekavane.

Fordeler med denne løysing er at ein då slepp å krysse elva og E-39, mens ulempene er at ein ikkje har beredskapsmagasin. Ei slik løysing vil krevje naudstrømsaggregat noko som vil auke drifts- og vedlikehaldskostnadane.

Finansieringsmessig kan det vere ein utfordring å få BKK til å bidra med dette alternativet sidan ein vel både nye drikkevasskjelde, nytt hus for desinfeksjon og snur vasstaumen motsett veg i forhold til i dag.

Dette alternativet er kostnadsrekna til 6,9 mill.

Alt 2:

Pumpe vatn frå grunnvassbrønnane i ny leidning som kryssar elva og E-39 og opp til eksisterande hus og desinfeksjon og vidare opp i nytt høgdebasseng. Frå høgdebasseng kan ein kople seg direkte på eksisterande leidningsnett.

Ulempene med denne løysinga er ein må krysse elva og E-39 men dette kan løysast vha profilboring. Fordeler med denne løysinga er at ein har eit beredskapsmagasin og ikkje er så sårbare ved eit straumbrot.

Finansieringsmessig bør BKK bidra ein del med dette alternativet sidan ein nyttar same hus for desinfeksjon som i dag. Dagens høgdebasseng (ope basseng avgrensa av terreng og demning) er ikkje godkjent. Nytt høgdebasseng må reknast som ein del av oppgradering av reinseanlegget for å få mattilsynet si godkjenning.

Dette alternativet er kostnadsrekna til 5,7 mill.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at ein vel alternativ 2 for etablering av ny drikkevassforsyning for Matre vassverk. Rådmannen rår og til at etablering av ny drikkevasskjelde for Matre vassverk frå ei kostnadsramme på 6,5 mill, jf investeringsbudsjettet.

Elevsaker (Spes.Ped)

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.03.2011	022/11	Alf Strand
Kommunestyret	24.03.2011	018/11	Alf Strand

Arkiv: N-216	Arkivsaknr.: 10/74
--------------	--------------------

SAK 018/11 - SKULESKYSS FOR ELEVANE I FOSSDALEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Elevane i Fossdalen får fri skyss mellom heimen og busstoppet med verknad frå skuleåret 2011/12.

Finansiering

Det er budsjettert med skyss for perioden oktober-desember. Skyssbudsjettet til Matre skule må aukast med kr 20000 for perioden 17. august – 30 september 2011.

Heimel

FS-022/11 VEDTAK :

Elevane i Fossdalen får fri skyss mellom heimen og busstoppet med verknad frå skuleåret 2011/12.

Finansiering

Det er budsjettert med skyss for perioden oktober-desember. Skyssbudsjettet til Matre skule må aukast med kr 20000 for perioden 17. august – 30 september 2011.

Det skjedde i Formannskapet den 17.03.2011:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-018/11 VEDTAK:

Elevane i Fossdalen får fri skyss mellom heimen og busstoppet med verknad frå skuleåret 2011/12.

Finansieringsbehov:

Det er budsjettert med skyss for perioden oktober-desember. Skyssbudsjettet til Matre skule må aukast med kr 20000 for perioden 17. august – 30 september 2011.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Willy Borge, Frp, bra at kommunestyret får denne saka og at det no er framlegg på å dekkja skuleskyssen. Dette er viktig med trygg skuleskyss for å få fleire innbyggjarar.

Vigdis Søvik, Sp, glad for det framlegget som no er i saka. Håpar at me kan samla oss om dette slik at dei som bur der får ein trygg skuleveg.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.11.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Vedtak i klagesak om skuleskyss
3	U	12.03.2010	Mona Ynnesdal	Skuleskyss Fossdalen - melding om vedtak
4	I	31.03.2010	Mona Karin Ynnesdal og Kjell Åge Ynnesdal	Klage på avgjerd om skuleskyss til Fossdal
6	U	19.05.2010	Mona Karin og Kjell Åge Ynnesdal	Klagesak - melding om vedtak
8	I	06.10.2010	Mona Karin Ynnesdal	Kjøreliste for Fossdalen - vår og haust 2010

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret hadde i møte 29/4 2010, sak 32/10 oppe til avgjerd spørsmål om skuleskyss til Fossdal og gjorde følgjande vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å forhandla med foreldra om skyss til elevane ut over tidlegare vedtak som lyder:

”Kommunen dekkar skyss for elevane i Fossdalen 4 dagar i veka morgon og kveld i tida 1. oktober til 31. mars så lenge ein av elevane går i småskulen.”

Kommunestyret blir orientert om utfallet.

Det vart i møte mellom foreldra og rådmannen 1. juni 2010 gjort avtale om at kommunen i god tid før skuleåret 2011/12 skulle sjå på skulevegen til Fossdal på nytt og samanlikna med andre vegstrekningar i kommunen der det i dag går skyss. I mellomtida skal foreldra ta seg av skyssen i den lyse årstida. Kommunestyret vart orientert om utfallet av møtet med ei skriftleg oppsummering til møtet 17. juni 2010.

VURDERING/ KONKLUSJON

Rådmannen har deretter vurdert skulevegen til Fossdal om mot dei andre vegane der det går skuleskyss sjølv om avstanden er mindre enn 4 km. Elevane både frå Kvamme, Molland og Kvamsdal har skyss sjølv om avstanden er mindre enn 4 km. Elevane på Kvamme og Molland har fri skyss fordi elevane derfrå må gå langs fylkesveg 570 som er definert som trafikkfarleg på begge desse strekningane. Dette vart sist vurdert av nemnda som kommunestyret sette ned i 2002 og som la fram si innstilling for kommunestyret 23.06.2003. Den gongen var vegen til Fossdalen ikkje vurdert sidan det ikkje budde born i skulepliktig alder der då.

Det næraste å samanlikna Fossdalsvegen med, er då vegen til Kvamsdal. Den er 1600 m lang frå busstoppet og bort til fylkesvegen. Elevane i Kvamsdalen har hatt skuleskyss heilt frå skulen der vart lagt ned i 1960. Det vart då inngått ein avtale mellom foreldra og kommunen. Så lenge det finst slike avtalar, og dei to strekningane kan samanliknast, er det ingen grunn til å behandla elevar med tilsvarande avstand til hovudveg annleis.

Elevane i Fossdalen har 1620 m til vegen der bussen går. I og for seg er ikkje det nokon urimeleg avstand, og trafikken på strekninga er ubetydeleg. Men vegen går langs elva, han er bratt og der er ikkje lys. Ingen andre elevar i Masfjorden må gå så langt for å komma til skulebussen.

Etter ei samla vurdering meiner rådmannen at borna i Fossdal må få skyss kveld og morgon mellom heim og busstopp på fv 379. Ordninga skal gjelda heile skuleåret og vert sett i verk frå skulestart hausten 2011.

Skyss med drosje kostar i gjennomsnitt kr 12600 pr. mnd. brutto.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	17.03.2011	024/11	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	24.03.2011	019/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-145	Arkivsaknr.: 11/138
--------------	---------------------

SAK 019/11 - STARTLÅN - OPPTAK AV LÅN 2011 FOR VIDARE UTLÅN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune tek opp lån hjå Husbanken som startlån for vidare tildeling med kr. 2.500.000 for 2011.
2. Lånet skal nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

Finansiering

Midlar til utlån finansiert med lånemidlar frå Husbanken

Heimel

m.a. økonomireglementet

Utskrift til:

- Husbanken, pb 7650, 5020 Bergen
- Nordhordland Revisjon IKS, pb 16,5902 Isdalstø
- Fylkesmannen i Hordaland, pb 7310, 5020 Bergen
- Kommunekassa, her

FS-024/11 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden kommune tek opp lån hjå Husbanken som startlån for vidare tildeling med kr. 2.500.000 for 2011.
2. Lånet skal nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.

Det skjedde i Formannskapet den 17.03.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-019/11 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune tek opp lån hjå Husbanken som startlån for vidare tildeling med kr. 2.500.000 for 2011.**
- 2. Lånet skal nedbetalast over 15 år som serielån utan avdragsfri periode.**

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	20.12.2010	Husbanken	Søknad om startlån og tilskott til etablering og tilpassing av bustad for 2011
3	U	25.01.2011	Husbanken	Søknad om startlån for vidare utlån
4	I	25.01.2011	Husbanken	Tildeling av startlån 2011 Masfjorden kommune

Husbanken – tildeling av startlån 2011 – Masfjorden kommune

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Husbanken har løyvd kr. 2.500.000,- til Masfjorden kommune for vidare utlån – startlån i 2011. Tildeling er i tråd med søknad frå kommunen. Låneopptak krev godkjenning og vedtak av kommunestyret, og i samband med 2011 budsjettet vedtok Kommunestyret opptak med 500.000,- og denne låneramme vert no føreslått auka med 2 mill.kr.

FAKTA

Frå og med 1.1.2003 er det innført ei ny låneordning som inneber at kommunane sitt etableringslån vert slått saman med husbanken si ordning med kjøpslån og vert kalla startlån med kommunane som tildelar. Utlån til privatpersonar som har problem med å skaffe seg bustad eller å bli buande i den bustaden dei har. Det må utarbeidast lokale retningsliner for bruk av startlån som må samsvare med retningslinene som er utarbeidd frå husbanken/staten.

Ordninga med startlån vart fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet 2. desember 2002 med heimel i lov av 1. mars 1946 nr. 3 om Den Norske Stats Husbank §§ 1 og 21.

Masfjorden kommune vedtok i sak 18/03 retningsliner for startlån, og vidareført i gjeldande økonomireglement som kap. 17, og gjengitt her;

17 REGLEMENT FOR STARTLÅN

17.1 FORMÅL

Startlån skal medverke til at husstandar med bustadetableringsproblem skal få sjansen til å etablere seg og bli buande i nøkterne og gode bustader.

Husstandar med etableringsproblem er husstandar som har behov for heil eller delvis finansiering frå kommunen. Finansieringa skal gi husstanden stabile buforhold.

17.2 KVEN KAN FÅ LÅN?

Startlån er behovsprøvd og kan omfatte unge i etableringsfasen, barnefamiljar, einslege forsørgjarar, funksjonshemma, flyktningar, personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre økonomisk vanskelegstilte husstandar.

Lånsøkjalar må dokumentera at dei framtidige inntektene til husstanden medrekna eventuelle stønader er tilstrekkelege til å greia renter og avdrag på lån i tillegg til vanlege levekostnader. Dokumentasjonen skal givast i form av ei eigenvurdering av økonomien etter låneopptaket. Kommunen kan krevja ytterlegare dokumentasjon.

Søknaden vil bli avslått dersom kommunen meiner lånsøkjaren ikkje vil greie dei framtidige betalingskyldnadene.

Alle husstandsmedlemmer som er med på å skaffe nødvendig inntektsgrunnlag, bør normalt også vere låntakarar.

17.3 KVA DET KAN GIVAST LÅN TIL

- Kjøp av bustad

Startlån kan ytast til kjøp av bustad, anten som topp- eller fullfinansiering.

- Utbetring

Startlån kan brukast til utbetring av bustaden.

- Oppføring av bustad

Startlån kan brukast til toppfinansiering, saman med grunnfinansiering frå Husbanken eller andre finansinstitusjonar.

- Refinansiering

Startlån kan nyttast til refinansiering av dyre lån dersom det resulterer i at husstanden får ein reell sjanse til å bli buande i bustaden.

- Førehandsgodkjenning

Kommunen kan gi ei skriftleg stadfesting på at lånsøkjaren vil få startlån dersom søkjaren finn ein høveleg bustad med kjøpesum innanfor eit bestemt beløp.

Kommunen vil vurdere kva behov husstanden har, både når det gjeld bustad og finansiering. Valet av bustad og finansieringsløysing føreset at husstanden kan bli buande i bustaden. Uansett er det ein føresetnad at bustaden ikkje er dyrare enn at søkjaren kan greie buutgiftene over tid og framleis ha att nødvendige midlar til livsopphald.

NÆRMARE OM BUSTADEN

Bustaden skal vere rimeleg og nøktern i forhold til prisnivået på staden. Kva som er ein akseptabel kjøpesum, kan derfor variera noko frå stad til stad. Særleg vil det kunne vera aktuelt å godta høgare pris i pressområde. For bustader i burettslag vil både kjøpesum og del av fellesgjeld bli lagde til grunn for vurderinga.

17.4 LÅNEUTMÅLING – FINANSIERINGSPAKKAR

Låneutmålinga blir fastsett innanfor 100 % av kjøpesummen, nybyggingskostnadene, utbetningskostnadene eller verdien av bustaden, pluss eventuelle kostnader. Storleiken på lånet vil òg, som nemnt under punkt 2, avhenga av husstanden sin økonomi og dessutan av låneutmåling frå annan långivar.

Startlån kan givast som topplån eller fullfinansiering Som prinsipp legg kommunen til grunn at di meir vanskelegstilt husstanden er, di større del av finansieringa kan vere startlån. For særleg vanskelegstilte husstandar kan startlånet brukast i kombinasjon med bustadtilskot.

17.5 RENTE- OG AVDRAGSVILKÅR

Startlån blir ytt med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og avdragsvilkår.

Normalt gjeld følgjande vilkår:

Flytande rente

Inntil 25 års nedbetalingstid

Ingen avdragsfri periode

2 terminar pr. år

17.6 TRYGD FOR LÅNET

Ved startlån fastset kommunen sjølv kva slags trygd som skal krevjast.

VURDERING

Ordninga med startlån inneber i praksis ikkje den store endringa i høve til tidlegare ordning med kjøpslån/etableringslån – anna enn at det vert samla hjå kommunane til forvaltning og husbanken si rolle vert endra frå tildelar til rådgjevar.

Det er opna for at kommunane kan yte både grunn- og toppfinansiering – dvs. inntil 100% av eit utlån. Masfjorden kommune har praktisert toppfinansiering – normalfordeling 80/20% kor kommunen tek dei siste %. Ein føreslår at Masfjorden kommune vektlegg toppfinansieringsdelen – men opnar for fullfinansiering i visse høve.

Innføring av ordninga med startlån kan medføre ein auka søknad til kommunen – fleire saker/søknader å handsame – kommunen er gitt heimel til å ta tilleggsmargin med 0,25% på renta til å kompensere for arbeidet med dette.

Kommunestyret kan eventuelt vurdere å innføre maksimalgrense for lån, men ein ser ikkje på det som nødvendig så lenge ein baserer ordninga på toppfinansieringsdelen.

Med bakgrunn i at kommunen satsar på nyetableringar og at det er lite frie midlar til vidare utlån att, og det vart gitt førehandtilsagn i 2010 på nivå med året vedtekne opptak på 500.000, vil ein tilrå at kommunen tek opp startlån hjå Husbanken med ytterlegare kr. 2.000.000,- til vidare utlån i 2011. Låneopptak til startlån kjem utanom låneramma for året investeringar.

KONKLUSJON

Tilrår at Masfjorden kommune aukar opp årets lån hjå Husbanken som startlån frå 500.000,- til kr. 2.500.000 for vidare tildeling med for 2011. Lånet tilrår ein vert nedbetalt over 15 år som serielån utan avdragsfri periode. Lånemottakar får normalt startlån med utgangspunkt i Husbanken sine rente- og avdragsvilkår, som inneber flytande rente, inntil 25 års nedbetalingstid, ingen avdragsfri periode og 2 terminar pr. år. Dette inneber at kommunen betalar ned sine lån raskare enn det ein får inn i rente- og avdrag.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.03.2011	020/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/354
--------------	---------------------

SAK 020/11 - REVIDERT FINANSREGLEMENT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansreglement vert endra i samsvar med saksutgreiinga, og rullert/justert finansreglement inngår som kap. 19 i økonomireglementet, og inneber;

19 REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

19.1 Heimel

Reglementet er utarbeidd med bakgrunn i § 52 i Kommunelova og føresegn om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning av 09.06.2009. Reglementet gjeld frå den 24.03.2011 og er heimla i Kommunestyresak x/2011. Reglementet skal rullerast, vurderast og handsamast i kvar kommunestyreperiode.

19.2 Føremål

Finansreglementet skal fastsetje dei grunnleggjande prinsipp for forvaltning av Masfjorden kommune sine finansielle aktiva (plasserte midlar) og passiva (innlån).

Kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkje løpande drift og betalingskrav ved forfall.

19.3 Målsetting

Finansforvaltninga skal:

- ivareta grunnprinsippet i kommunelova § 1 om optimal utnytting av kommunen sine tilgjengelege ressursar med sikte på å kunne gje eit best mogleg tenestetilbod
- sikre stor grad av fokus og kjennskap kring kommunen si finansielle stilling
- sikre at kommunen har likviditet til å dekkja løpande utgifter innan drift og investering
- lånte midlar skal løpande vurderast opp i mot minimalisering av kommunen sine rente- og avdragskostnader

19.4 Risikoprofil

Masfjorden kommune vil ikkje risikere å tape hovudstol på plasseringar (heile eller deler av den pengemengda vi har plassert) og skal difor ta minimal kredittrisiko.

Kommunen skal ta låg likviditetsrisiko. Store svingingar i likviditeten gjer det nødvendig at tilstrekkeleg del av plassert beløp til eikvar tid er tilgjengeleg til å dekkje opp løpande krav i samband med drifta av kommunen. Plasserte midlar må kunne frigjerast innan 5 dagar.

Masfjorden kommune finn det forsvarleg å ta noko renterisiko og generell marknadsrisiko for å oppnå høgare avkastning på plasserte midlar. Ein skal imidlertid ikkje plassere midlar i enkelt aksjar/selskap.

Finansreglementet legg opp til fokus kring minimalisering av risiko, men skal ein klara betre avkastning enn kva ordinær bankinnskott gjev, inneber reglementet at ein tek noko risiko med siktemål å oppnå betre avkastning enn alternativ plassering.

19.5 Finansiell risiko og forklaringar

Følgjande former for risiko er definert;

1. Kredittrisiko
Risiko for tap som følge av at plasseringsmottakar ikkje klarer å innfri og betala attende plasserte midlar med avkastning. Slik risiko skal vere låg.
2. Likviditetsrisiko
Risiko for ikkje å få sitt krav utbetalt til rett tid. Ein låg likviditetsrisiko inneber at plasseringane skjer i aktiva som raskt kan omsetjast til marknadsverdi i løpet av ein kort tidsperiode.
3. Finansieringsrisiko
Risiko for ikkje å kunne finansiera sine lånebehov.
4. Renterisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av rente endringar.
5. Valutarisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av endringar i valutakursar. Gjelde for eksempel ved opptak av lån i utanlandsk valuta.
6. Administrativ/operasjonell risiko
Risiko for at kommunen internt (eller hjå motpart i transaksjonar) ikkje har tilstrekkeleg kompetanse/bemanning, system, rutinar, samt ressursar generelt til å gjennomføra kommunen sin vedtekte finansforvaltning.
7. Risiko i aksjemarknaden
Risiko for aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjekt vil stiga eller falla - både på kort eller lang sikt.

19.6. Rammer/fullmakt

Finansforvaltninga skal drivast slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

a. Innlån

- Det skal hentast inn tilbod frå minst to låneinstitusjonar.
- Renteutviklinga skal kontinuerleg følgjast opp med mellom anna omsyn til å vurdere binding av lån.
- Gjeldsporteføljen skal bestå av eit mindre tal lån.

b. Plassering av ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsføremål

- Ved plassering av pengar skal den finansielle risiko vera minimal
- Kommunen skal spreia innskota på minst to norske banker slik at innskot i ein bank ikkje skal overstiga 20 mill. kroner.
- Ved plassering av pengar i andre porteføljar skal den finansielle risiko vera låg.
- Inntil 10 mill.kr. kan plasserast i norske eller nordiske pengemarknad- eller obligasjonsfond.
- Lån til årets investeringar kan plasserast i pengemarknad- eller obligasjonsfond med kort durasjon inntil dei skal disponerast

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 20 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 10 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.
- Ved kursoppgang på minst 10% netto kan gevinsten takast ut og plasserast på eit "gevinstfond" i bank. Gevinstfondet skal ikkje disponerast før det utgjør minst 10% av den samla plassering i aksjefond.

19.7. Fullmakter til rådmannen

Kommunestyret gjev rådmannen innafor dei generelle retningslinene som følgjer av dette dokumentet følgjande fullmakter:

a. Opptak av lån (gjeld og refinansiering og samanslåing av lån)

velja låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår

b. Plassering av ledig likviditet

- velja finansinstitusjon
- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

c. Plassering av langsiktig finansiell aktiva

- velja finansinstitusjon · bestemma fondstype

- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

19.8 Rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga

Rådmannen rapporterer minst to gonger årleg til kommunestyret.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for Kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.
- Elles pkt. lista opp i forskrifta under § 7.

19.9 Evaluering

Rådmannen har engasjert revisjonen som uavhengig ekstern bistand for gjennomgang av kommunen sitt reglement for finansforvaltning og opplegg elles kring finansforvaltninga i kommunen.

Finansiering

Ingen finansieringsbehov

Heimel

- Kommunelova av 25.9.1992, § 52
- Ny finansforskrift frå 01.juli 2010, fastset av KRD 9.juni 2009
- Kommunestyresak 37/10 av 27.5.2010

Kopi til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Nordhordland revisjon IKS

KS-020/11 VEDTAK:

Finansreglement vert endra i samsvar med saksutgreiinga, og rullert/justert finansreglement inngår som kap. 19 i økonomireglementet, og inneber;

19 REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

19.1 Heimel

Reglementet er utarbeidd med bakgrunn i § 52 i KommuneLOVA og føresegn om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning av 09.06.2009. Reglementet gjeld frå den 24.03.2011 og er heimla i Kommunestyresak x/2011. Reglementet skal rullerast, vurderast og handsamast i kvar kommunestyreperiode.

19.2 Føremål

Finansreglementet skal fastsetje dei grunnleggjande prinsipp for forvaltning av Masfjorden kommune sine finansielle aktiva (plasserte midlar) og passiva (innlån).

Kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkje løpande drift og betalingskrav ved forfall.

19.3 Målsetting

Finansforvaltninga skal:

- ivareta grunnprinsippet i kommunelova § 1 om optimal utnytting av kommunen sine tilgjengelege ressursar med sikte på å kunne gje eit best mogleg tenestetilbod
- sikre stor grad av fokus og kjennskap kring kommunen si finansielle stilling
- sikre at kommunen har likviditet til å dekkja løpande utgifter innan drift og investering
- lånte midlar skal løpande vurderast opp i mot minimalisering av kommunen sine rente- og avdragskostnader

19.4 Risikoprofil

Masfjorden kommune vil ikkje risikere å tape hovudstol på plasseringar (heile eller deler av den pengemengda vi har plassert) og skal difor ta minimal kredittrisiko.

Kommunen skal ta låg likviditetsrisiko. Store svingingar i likviditeten gjer det nødvendig at tilstrekkeleg del av plassert beløp til eikvar tid er tilgjengeleg til å dekkje opp løpande krav i samband med drifta av kommunen. Plasserte midlar må kunne frigjerast innan 5 dagar.

Masfjorden kommune finn det forsvarleg å ta noko renterisiko og generell marknadsrisiko for å oppnå høgare avkastning på plasserte midlar. Ein skal imidlertid ikkje plassere midlar i enkelt aksjar/selskap.

Finansreglementet legg opp til fokus kring minimalisering av risiko, men skal ein klara betre avkastning enn kva ordinær bankinnskott gjev, inneber reglementet at ein tek noko risiko med siktemål å oppnå betre avkastning enn alternativ plassering.

19.5 Finansiell risiko og forklaringar

Følgjande former for risiko er definert;

6. Kredittrisiko
Risiko for tap som følge av at plasseringsmottakar ikkje klarer å innfri og betala attende plasserte midlar med avkastning. Slik risiko skal vere låg.
7. Likviditetsrisiko
Risiko for ikkje å få sitt krav utbetalt til rett tid. Ein låg likviditetsrisiko inneber at plasseringane skjer i aktiva som raskt kan omsetjast til marknadsverdi i løpet av ein kort tidsperiode.
8. Finansieringsrisiko
Risiko for ikkje å kunne finansiera sine lånebehov.
9. Renterisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av rente endringar.
10. Valutarisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av endringar i valutakursar. Gjelde for eksempel ved opptak av lån i utanlandsk valuta.
6. Administrativ/operasjonell risiko
Risiko for at kommunen internt (eller hjå motpart i transaksjonar) ikkje har tilstrekkeleg kompetanse/bemanning, system, rutinar, samt ressursar generelt til å gjennomføra kommunen sin vedtekne finansforvaltning.
7. Risiko i aksjemarknaden
Risiko for aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjekt vil stiga eller falla - både på kort eller lang sikt.

19.6. Rammer/fullmakt

Finansforvaltninga skal drivast slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

a. Innlån

- Det skal hentast inn tilbod frå minst to låneinstitusjonar.
- Renteutviklinga skal kontinuerleg følgjast opp med mellom anna omsyn til å vurdere binding av lån.
- Gjeldsporteføljen skal bestå av eit mindre tal lån.

b. Plassering av ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsføremål

- Ved plassering av pengar skal den finansielle risiko vera minimal
- Kommunen skal spreia innskota på minst to norske banker slik at innskot i ein bank ikkje skal overstiga 20 mill. kroner.
- Ved plassering av pengar i andre porteføljar skal den finansielle risiko vera låg.
- Inntil 10 mill.kr. kan plasserast i norske eller nordiske pengemarknad- eller obligasjonsfond.

- Lån til årets investeringar kan plasserast i pengemarknad- eller obligasjonsfond med kort durasjon inntil dei skal disponerast

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskott, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 20 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 10 mill. kroner. Maks ramme 30 mill.kr.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond skal spreia på norske, nordiske og eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.
- Ved kursoppgang på minst 10% netto kan gevinsten takast ut og plasserast på eit "gevinstfond" i bank. Gevinstfondet skal ikkje disponerast før det utgjør minst 10% av den samla plassering i aksjefond.

19.7. Fullmakter til rådmannen

Kommunestyret gjev rådmannen innafor dei generelle retningslinene som følgjer av dette dokumentet følgjande fullmakter:

a. Opptak av lån (gjeld og refinansiering og samanslåing av lån)

velja låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår

b. Plassering av ledig likviditet

- velja finansinstitusjon
- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

c. Plassering av langsiktig finansiell aktiva

- velja finansinstitusjon · bestemma fondstype
- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

19.8 Rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga

Rådmannen rapporterer minst to gonger årleg til kommunestyret.

I tillegg skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for Kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.
- Elles pkt. lista opp i forskrifta under § 7.

19.9 Evaluering

Rådmannen har engasjert revisjonen som uavhengig ekstern bistand for gjennomgang av kommunen sitt reglement for finansforvaltning og opplegg elles kring finansforvaltninga i kommunen.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	08.07.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Ny finansforskrift frå 01.juli 2010
3	I	23.09.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Ny finansforskrift frå 01.juli 2010
5	I	25.10.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Revisjonsuttale finansreglementet

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Vurdering av endringar i gjeldande finansreglement innarbeid som kap. 19 i kommunen sitt økonomireglement som følgje av endringar i finansforskrift fastset av Kommunal- og regionaldepartementet (jf. KS sak 37/2010 av mai 2010)

HØYRING

Kommunestyresak 37/2010 pkt. 2

UTTALE



Til kommunestyret i
Masfjorden kommune

Uavhengig attestasjonsrapport om reglement for Masfjorden kommune sin finansforvaltning

Vi har gjennomgått Masfjorden kommune sitt reglement for finansforvaltning vedlagt kommunestyresak 037/10.

Kommunestyret er ansvarleg for at finansforvaltninga er underlagt reglement fastsett i samsvar med kommuneloven § 52 og forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009.

Vår oppgåve er i samsvar med § 5 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, som uavhengig instans å vurdere kommunen sine reglar for finansforvaltninga. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med SA 3000 - "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk økonomisk informasjon". Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører kontrollhandlingar for å kunne gje ei uttale med høg, men ikkje absolutt sikkerheit for at det ikkje føreligg vesentlege feil eller manglar ved kommunen sine reglar for finansforvaltninga.

Vår vurdering er basert på fylgjande kontrollhandlingar:

1. Med utgangspunkt i kommunelova § 52 tredje ledd, har vi kontrollert at lova sine krav er innarbeida i kommunens reglement for finansforvaltninga, under dette at reglementet:
 - gjer det mogeleg for kommunen å oppnå ei tilfredsstillande avkastning gjennom forvaltninga
 - ikkje tillet ein forvaltning som fører med seg vesentlig finansiell risiko for kommunen
 - har føresegn om at forvaltninga må ta omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkje sine forpliktingar ved forfall.
2. Med utgangspunkt i § 4 i forskrift om kommunars og fylkeskommuners finansforvaltning, har vi kontrollert at reglementets innhald tilfredsstillar forskriftas krav, herunder at det omfattar forvaltninga av:
 - ledig likviditet
 - langsiktige finansielle aktiva
 - gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler.
3. Med utgangspunkt i § 3 i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, har vi kontrollert at forskrifta sine føresegner om rammer for finansforvaltninga er tilfredsstillende ivaretatt i reglementet.

Vi meiner at våre kontrollhandlingar gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale og vi vil kommentera fylgjande punkt nedanfor.

I fylgje forskrift om finansforvaltning, § 2, skal reglementet vedtakast minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Dette kravet bør innarbeidast i pkt. 19.1.

Forskrifta omtalar forvaltningstype "Ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål". Kommunen omtalar dette i pkt 19.6 pkt b) som "Ledig likviditet som skal disponerast innafor ein budsjettperiode". Det bør avklarast at kommunen sitt omgrep har same innhald som forskrifta sin

definisjon av forvaltningstypen, eventuelt om omgrep i reglementet kan endrast til det som er nytta i forskrifta.

I forskrifta § 3 er det krav om at ein må ha kunnskap i kommunen tilsvarande kompleksiteten i dei finansielle plasseringane. I merknadane til forskrifta er dette omtala slik: ”Med kunnskap om finansforvaltning forstås kompetanse til å kunne foreta faglig kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den løpende finansforvaltningen, og kompetanse til å kontrollere om forvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, kommunelovens regler og reglene i denne forskrift.”

Reglementet omtalar administrativ risiko i pkt. 19.5 pkt. 6. Vi vil rå til at ein og vurdere å ta dette inn som ei ramme for plassering under pkt. 19.6.

Under pkt. 19.4 første avsnitt er sagt at kommunen ikkje vil risikere å tapa hovedstol. Vi presiserer at plasseringar i obligasjons og aksjefond normalt medfører ein viss risiko for tap på deler av hovedstolen. Vi rår difor til at ein vurderer å endre innhaldet i dette avsnittet.

Reglementet gir rom for å plassere midlar i obligasjonsfond og aksjefond. Som ein peikepinn blir obligasjonsfond vurdert å liggja i risikoklasse 2 dersom dei ikkje omfattar ansvarlege lån eller industrilån. Aksjefond har høgare risiko og blir ofte vurdert å liggja i risikoklasse 5.¹ I denne vurderinga må ein ta omsyn til andre eigenskapar ved plasseringa som til dømes kreditrating og løpetid.

Forskrifta pålegg kommunane å ikkje ta vesentleg finansiell risiko. Dette blir mellom anna, forstått slik at ein ikkje skal risikera tap på finansielle plasseringar som gjer det nødvendig å redusere tenesteproduksjonen i kommunen. Masfjorden kommune har relativt god økonomi og dermed høve til å ta ein viss risiko. Det vil vera kommunestyret sitt ansvar gjennom finansreglementet å sjå til at rammene for forvaltning sikrar at kommunen ikkje utset seg for vesentleg finansiell risiko.

I reglementet pkt 19.8 er omtalt rapportering til kommunestyret. Forskrifta § 7 inneheld nokre punkt som skal vera med i slik rapportering. Vi rår til at ein går gjennom desse krava opp pkt 19.8 i reglementet for å sikra at ein får ein rapporteringsmal som inneheld alle obligatoriske punkt.

Med unntak av kommentarar og presiseringar over, meiner vi at det framlagte reglementet for finansforvaltninga tilfredsstillir kommunelova og forskrifta sine krav.

Denne uttalen er utelukkande utarbeida for det formål som er skildra ovanfor og til kommunen sin informasjon, og skal ikkje brukast til noko anna formål.

FAKTA

Noverande reglement;

19 REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING

19.1 Heimel

Reglementet er utarbeidd med bakgrunn i § 52 i Kommunelova og føresegn om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning av 05.03.2001.

Reglementet gjeld frå den 20.12.2001 og er heimla i Kommunestyresak 96/2001.

19.2 Føremål

Finansreglementet skal fastsetje dei grunnleggjande prinsipp for forvaltning av Masfjorden kommune sine finansielle aktiva (plasserte midlar) og passiva (innlån).

Kommunen skal forvalta sine midlar slik at tilfredsstillande avkastning kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at kommunen skal ha midlar til å dekkje løpande drift og betalingskrav ved forfall.

19.3 Målsetting

Finansforvaltninga skal:

- ivareta grunnprinsippet i kommunelova § 1 om optimal utnytting av kommunen sine tilgjengelege ressursar med sikte på å kunne gje eit best mogleg tenestetilbod
- sikre stor grad av fokus og kjennskap kring kommunen si finansielle stilling
- sikre at kommunen har likviditet til å dekkja løpande utgifter innan drift og investering
- lånte midlar skal løpande vurderast opp i mot minimalisering av kommunen sine rente- og avdragskostnader

19.4 Risikoprofil

Masfjorden kommune vil ikkje risikere å tape hovudstol på plasseringar (heile eller deler av den pengemengda vi har plassert) og skal difor ta minimal kredittrisiko.

Kommunen skal ta låg likviditetsrisiko. Store svingingar i likviditeten gjer det nødvendig at tilstrekkeleg del av plassert beløp til eikvar tid er tilgjengeleg til å dekkje opp løpande krav i samband med drifta av kommunen. Plasserte midlar må kunne frigjerast innan 5 dagar.

Masfjorden kommune finn det forsvarleg å ta noko renterisiko og generell marknadsrisiko for å oppnå høgare avkastning på plasserte midlar. Ein skal imidlertid ikkje plassere midlar i enkelt aksjar/selskap.

Finansreglementet legg opp til fokus kring minimalisering av risiko, men skal ein klara betre avkastning enn kva ordinær bankinnskott gjev, inneber reglementet at ein tek noko risiko med siktemål å oppnå betre avkastning enn alternativ plassering.

19.5 Finansiell risiko og forklaringar

Følgjande former for risiko er definert;

1. Kredittrisiko
Risiko for tap som følge av at plasseringsmottakar ikkje klarer å innfri og betala attende plasserte midlar med avkastning. Slik risiko skal vere låg.
2. Likviditetsrisiko
Risiko for ikkje å få sitt krav utbetalt til rett tid. Ein låg likviditetsrisiko inneber at plasseringane skjer i aktiva som raskt kan omsetjast til marknadsverdi i løpet av ein kort tidsperiode.
3. Finansieringsrisiko
Risiko for ikkje å kunne finansiera sine lånebehov.
4. Renterisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av rente endringar.

5. Valutarisiko
Risiko for endring av verdien på eigendelar, gjeld, eigenkapital som følge av endringar i valutakursar. Gjelde for eksempel ved opptak av lån i utanlandsk valuta.
6. Administrativ/operasjonell risiko
Risiko for at kommunen internt (eller hjå motpart i transaksjonar) ikkje har tilstrekkeleg kompetanse/bemanning, system, rutinar, samt ressursar generelt til å gjennomføra kommunen sin vedtekne finansforvaltning.
7. Risiko i aksjemarknaden
Risiko for aksjemarknaden eller det aktuelle investeringsobjekt vil stiga eller falla - både på kort eller lang sikt.

19.6. Rammer/fullmakt

Finansforvaltninga skal drivast slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko.

a. Innlån

- Det skal hentast inn tilbod frå minst to låneinstitusjonar.
- Renteutviklinga skal kontinuerleg følgjast opp med mellom anna omsyn til å vurdere binding av lån.
- For å redusere renterisikoen skal minst 20% av kommunen sine innlån vera til fast rente.
- Gjeldsporteføljen skal bestå av eit mindre tal lån.

b. Plassering av ledig likviditet som skal disponerast innafor ein budsjettperiode

- Ved plassering av pengar skal den finansielle risiko vera minimal
- Kommunen skal spreia innskota på minst to norske banker slik at innskot i ein bank ikkje skal overstiga 20 mill. kroner.
- Ved plassering av pengar i andre porteføljar skal den finansielle risiko vera låg.
- Inntil 10 mill.kr. kan plasserast i norske eller nordiske pengemarknad- eller obligasjonsfond.
- Lån til årets investeringar kan plasserast i pengemarknad- eller obligasjonsfond med kort durasjon inntil dei skal disponerast

c. Plassering av langsiktige finansielle aktiva

Femner om aktiva kor berre avkastning skal disponerast på kort sikt;

- Ved plassering av langsiktige finansielle aktiva skal den finansielle risiko vera låg.
- Langsiktige finansielle aktiva kan forutan bankinnskot, plasserast i pengemarknad, obligasjons- eller aksjefond inkl. garanterte plasseringar/indeksobligasjonar.
- Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 10 mill. kroner. Maksimum plassering i aksjefond er 5 mill. kroner.
- Midlar plassert i aksjefond skal ha ein tidshorisont på minst 5 år.
- Aksjefond skal spreiest på norske, nordiske og eller fond med minst 60% europisk plassering. Ingen fondstype skal ha meir enn 50% av plasseringa.

- Ved kursoppgang på minst 10% netto kan gevinsten takast ut og plasserast på eit "gevinstfond" i bank. Gevinstfondet skal ikkje disponerast før det utgjør minst 10% av den samla plassering i aksjefond.

19.7. Fullmakter til rådmannen

Kommunestyret gjev rådmannen innafor dei generelle retningslinene som følgjer av dette dokumentet følgjande fullmakter:

a. Opptak av lån (gjeld og refinansiering og samanslåing av lån)

velja låneinstitusjon, avdragstid og rentevilkår

b. Plassering av ledig likviditet

- velja finansinstitusjon
- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

c. Plassering av langsiktig finansiell aktiva

- velja finansinstitusjon · bestemma fondstype
- forhandla og bestemma vilkår for plassering
- bestemma samansetjinga av plasseringa

19.8 Rapportering og kontroll

Føremål med rapportering er å informera om faktiske resultat av finansforvaltninga, og eksponering i forhold til dei rammer og retningslinjer som er fastsett i reglement for finansforvaltninga

Rådmannen rapporterer minst to gonger årleg til kommunestyret.

Rapporten skal innehalda:

- Oversikt over langsiktig gjeld fordelt på lånetype, renteutvikling og låneinstitusjon.
- Oversikt over plassering av ledig likviditet med fordeling på aktivaklasse og vilkår
- Oversikt over plassering av langsiktig finansiell aktiva med fordeling på aktivaklasse og vilkår.
- Ein omtale av forventa utvikling i marknaden fram til neste rapporteringstidspunkt og kva konsekvenser rådmannen trekkjer av dette.

19.9 Evaluering

Rådmannen kan engasjera revisjonen eller anna uavhengig ekstern bistand for gjennomgang av kommunen sitt reglement for finansforvaltning og opplegg elles kring finansforvaltninga i kommunen.

Endringar gjort i reglementet;

Pkt. 19.6 a) 4.kulepunkt er krav om fastrente justert frå 20 til 0% inntil vidare.

Vårt økonomireglement sett flg. grenser for aktuelle plasseringar (Kommunestyrevedtak sak 33/08 av 22.april 2008);

- **Maksimum plassering i pengemarknad og obligasjonsfond er 20 mill. kroner.**
- **Maksimum plassering i aksjefond er 10 mill. kroner –**
- **samla 30 mill. kroner.**

VURDERING

Det er gjort endringsframlegg i gjeldande reglementet på flg. pkt;

19.1

19.6 a og c

19.8

19.9

+ presisering i høve pkt. 19.4;

Som del av kommunen sitt disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100) hadde kommunen 4,7 mill.kr. avsett til bufferfond plasserte midlar i tråd med finansreglementet. Det er spesielt aksjefond som er utsett for tap av deler av hovudstolen. Med utgangspunkt i plasserte midlar pr. medio mars 2011 har ein full dekning i fondsreservar for evt. tap av deler av hovudstol.

Kommunen gjennomførde hausten 2010 ein bankavtale konkurrans, slik at plasseringar i bank gir no omtrent same avkastning som pengemarked og obligasjonsfond, og gjer desse alt. plasseringane mindre aktuelle.

Ein vurderer å auke opp andelen med aksjefond.

Kommunen ligg under 60% i plasserte midlar i høve til plasseringsramma i pkt. 19.6c

Ein har gjennomgått ny finansforskrift og revisjonsuttale, og fremjar med dette nokre endringar i finansreglementet, og i tråd med KS sak 37/10 pkt. 2 medfører ikkje desse nokon vesentlege omlegging av etablert praksis innan finansforvaltninga.

KONKLUSJON

Ein har gjennomgått ny finansforskrift og revisjonsuttale, og fremjar med dette nokre endringar i finansreglementet, og i tråd med KS sak 37/10 pkt. 2 medfører ikkje desse nokon vesentlege omlegging av etablert praksis innan finansforvaltninga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.03.2011	021/11	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-102	Arkivsaknr.: 11/92
--------------	--------------------

SAK 021/11 - BUDSJETTSALDERING AV ÅRSBUDSJETTET FOR 2011

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for 2011 vert saldert i tråd med justert sum frie inntekter, ved at sum rammetilskot vert redusert med 100.000,-. Justeringa av frie inntekter vert finansiert med meirinntekter Nordbygda barnehage med 75.000 og redusert utgift fellesutgifter med 25.000,-.
2. Investeringsbudsjettet for 2011 vert saldert i tråd med vedtekne tiltak i 2010 og tidlegare budsjettår, og gjeld følgjande prosjekt/tiltak;
 - Fleirbrukshall, KS sak 29/10 – forprosjekt fleirbrukshall (300.000 – og finansiert med bruk av fond)
 - Bil TML, SAK 086/10 – KJØP AV BIL MED UTSTYR TIL VEDLIKEHALDSAVDELINGA
 - Kommunestyret godkjenner innkjøp av bil og utstyr til vedlikehaldsavdelinga. Kostnaden eks. mva er kr. 412.477. **Finansiering** Fondsmidlar teknisk
 - Aggregat sjukeheimen
 - Brannvarsling Sandnes skule
 - Sprinkling omsorgsbustadar
 - Garasje heimetenester indre
 - Vognskur Nordbygda barnehage og tiltak elles barnehage i 2010 budsjettet + pipe fargeriet, formannskapssak 23/2011

Finansiering

Budsjettet er i balanse

Heimel

Kommunelova og vedtak om budsjettsaldering på nyåret i samband med handsaming av årsbudsjettet i desember 2010.

Utskrift til:

Driftseiningane
Fylkesmannen i Hordaland
Revisjonen

KS-021/11 VEDTAK:

1. **Driftsbudsjettet for 2011 vert saldert i tråd med justert sum frie inntekter, ved at sum rammetilskot vert redusert med 100.000,-. Justeringa av frie inntekter vert finansiert med meirinntekter Nordbygda barnehage med 75.000 og redusert utgift fellesutgifter med 25.000,-.**
 2. **Investeringsbudsjettet for 2011 vert saldert i tråd med vedtekne tiltak i 2010 og tidlegare budsjettår, og gjeld følgjande prosjekt/tiltak;**
 - **Fleirbrukshall, KS sak 29/10 – forprosjekt fleirbrukshall (300.000 – og finansiert med bruk av fond)**
 - **Bil TML, SAK 086/10 – KJØP AV BIL MED UTSTYR TIL VEDLIKEHALDSAVDELINGA**
 - **Kommunestyret godkjenner innkjøp av bil og utstyr til vedlikehaldsavdelinga. Kostnaden eks. mva er kr. 412.477. Finansiering Fondsmidlar teknisk**
 - **Aggregat sjukeheimen**
 - **Brannvarsling Sandnes skule**
 - **Sprinkling omsorgsbustadar**
 - **Garasje heimetenester indre**
 - **Vognskur Nordbygda barnehage og tiltak elles barnehage i 2010 budsjettet**
- + pipe fargeriet, formannskapssak 23/2011**

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Ass. rådmann Svein Helge orienterte om saka og synte til saksutgreiinga.

Klaus Nordli, leiar i eldrerådet – sa at det skulle vore aggregat for sjukeheimen, sikring dersom straumen går.

Alle kommunale avdelingar på Hosteland skulle vore omfatta av eit straumaggregat i fall straumen går.

Willy Borge, Frp, synte til budsjettsaka frå 09.12.2010 der Frp gjorde framlegg om ekstra løyving til vedlikehald av dei kommunale vegane. Han sa at ein må følgja planen som er lagt for å få asfaltert grusvegane våre. Frp vil halda fast på at det må løyvast 1 mill ekstra til føremålet. Borge ber om at rådmannen vurderer dette under budsjettrevisjonen i mai.

Borge kommenterte sjukeheimen og overbelegget som har vore dei siste par åra.

Det trengs utviding av sjukeheimen og bygging av fleire omsorgsbustader i tilknytning til den.

Liv Oda Dale, Ap, synte til spørsmålet Ap hadde i kommunestyret den 09.12.2010 og etterlyser tiltaksplan for Nordbygda barnehage. Ho synte til svaret s. 38 i saksutgreiinga til dagens møte.

Dale minna om at Ap ba om at det skulle sikrast plass i barnehagen til alle. I fylgje svaret i saksutgreiinga er det no **ein** ledig plass etter inntak, og det er ikkje mykje dersom me skulle få fleire innbyggjarar.

Ho ynskjer ein offensiv tiltaksplan som gjer oss i stand til å ta imot nye innbyggjarar.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at for å etablera fleire permanente plassar må vi bygga ei avdeling til. Slik det no er må kommunen finna individuelle løysingar dersom det er fullt og vi får nye søkjarar.

Etter lova har ikkje Masfjorden venteliste på barnehageplass no, og vi har heller ikkje barnetal som dokumenterer behov for utbygging.

Marit Steinestø, sa at det er betryggande å høyra at det kan etablerast fleire plassar. Ho sa at me kanskje kunne vurdera å ha ein naturbarnehage som ei alternative løysing.

Vigdís Søvik, Sp, sa at dette er veldig viktig i høve at me skal få innbyggjarar til kommunen. I samband med at det i kommunestyret den 09.12.2010 vart det stilt spørsmål om kapasiteten i Nordbygda barnehage, synte Søvik til innlegg i avisa der saksbehandlar opplyste om at det ikkje hadde vore ventelister til Nordbygda barnehage. Søvik reagerte på dette, det var ikkje kommunestyret si hensikt å koma med feil opplysningar.

Søvik oppfordrar til at ein samlar seg om å finna gode og tenelege løysingar så ein slepp å seia nei til folk.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at barnehageopptaket no er gjort, og det vil etter dette bli vurdert korleis ein kan ha beredskap for tiltak dersom vi frå nye søkjarar. Rådmannen vil ta innspela frå kommunestyret med i vurderingane.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	11.03.2011	Nordbygda barnehage v/Anita Solheim	Budsjett Nordbygda barnehage 20101.xls
3	I	11.03.2011	Nordbygda skule v/Berit Lygre	11 BL innspel driftsbudsjett

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret ber om salderingssak etter budsjettprosessen som fører fram til endeleg budsjettvedtak (des. '10 for årsbudsjettet 2011), for å fange opp endringar som har skjedd etter at formannskapet la ut budsjett til offentleg ettersyn. Dette er som regel tekstpunkt i sjølve budsjettvedtaket, vedtak i andre saker, endringar i folketalet pr. 1.1.2011 som medfører endring i sum frie inntekter, Fylkesmannen sin uttale om budsjett og økonomiplan som evt. fører til budsjettendringsbehov, forhold knytt til siste års rekneskap (2010 rekneskapen, 2.tertialrapport 2010), og innspel elles frå driftseiningane.

SAK 107/10 – ÅRSBUDSJETT 2011 OG ØKONOMIPLAN 2011 - 2014 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

8. I samband med budsjettsalderinga ber kommunestyret om at det vert lagt fram ein tiltaksplan for å sikre at det er ledige plassar i Nordbygda barnehage for dei som ynskjer det.
9. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak om framtidig bruk av bygningane som var del av folkehøgskuleprosjektet og evt grunnen dei står på.

Det må vurderast sal, riving og bruk av tomtearealet.
Saka blir lagt fram i samband med budsjettsalderinga.

10. Kommunestyret bed om at rådmannen legg fram sak om kapasiteten på Masfjorden sjukeheim.

+ vegmidlar – møteprotokollen K-styret 9.12.2010

Willy Borge, Frp, sette fram to endringsframlegg:

Endringsframlegg nr 1)

Vegvedlikehaldet vert styrka med 1 million som vert tatt frå fond slik at me får meir fast veidekke på dei gruslagte kommunale vegane som treng opprustning.

Endringsframlegg nr 2)

Kommunestyret bed om at rådmannen legg fram sak om kapasiteten på Masfjorden sjukeheim.

Til endringsframlegg nr 1 frå Frp, gjorde ordførar framlegg om at ein tek dette opp i samband med budsjettssalderinga i februar. Willy Borge sa at det var heilt i orden.

HØYRING

Leiarsamlinga 31.januar 2011, bede om innspel og korrigeringsforhold til budsjettet 2011 som er basert på fakta om lag 1.september 2010.

UTTALE**Fylkesmannen**

Kommunen ved ordførar og ass.rådmann hadde møte med Fylkesmannen og økonomirådgjevar den 17.februar. Kommunen tok initiativ til møte med bakgrunn i investeringsbudsjettet for 2011 og endra økonomiske rammevilkår ved at kommunen kjem dårleg ut av det nye inntektssystemet med verknad frå 1.1.2011. Konklusjon, både investerings- og driftsbudsjettet vert godkjent, formelt skriv føreligg ikkje, men kommunen er ikkje underlagt kontroll (ROBEK).

Driftseiningane

2 innspel er motteke frå

1) Nordbygda skule;

Uttale vedkomande driftsbudsjettet for 2011

Ein gjennomgang av rekneskapen for 2010 pr. 10.02.11 sett opp mot budsjettet for 2011 syner følgjande:

- **Teneste 20201,**

- *konto 10205 lærarvikarar:*

- Budsjett 2010:

kr. 125 000,-

- Rekneskap 2010: kr. 245 012,-

- Budsjett 2011: kr. 150 000,-

Sjølvs med ein auke på kr. 25 000,- for 2011 på denne budsjettposten, veit ein at posten også dette året vert for liten. Dei høge vikarutgiftene skuldast ikkje først og fremst stort sjukefråvere, men i mest like stor grad vikarutgifter når lærarar deltar på kurs. I ei tid med tydeleg satsing på kompetanseheving, er det viktig at lærarane får kurs og opplæring i det som er dei lokale, kommunale og sentrale satsingsfeltene i skulen. I tillegg til kursavgifta, som ofte er høg, må det betalast vikar for den eller dei lærarane som er borte. **Konklusjon: For å dekke reelle utgifter her, må post 10205 aukast til min. kr. 200.000,-**

- konto 1010, fastløn kommunalt reg. og
- konto 1010, fastløn lærerar

Når det gjeld fastløn av assistentar, har ein tatt utgangspunkt i vidareføring av stillingsprosentane ein har dette skuleåret. Utgifter til fastløn lærerar er redusert i høve til ein nedgang i rammetimetalet på 23 timar frå 01.08.11. Her minner eg om at vi kjem til å få auke i stillingsbehovet både i høve til assistentar og lærar som følgje av overføring av funksjonshemma elev hausten 2011. Kor mykje det vil beløpa seg til, veit ein pr. i dag dessverre ikkje. **Dette vil det difor vere svært viktig å ta høgde for under budsjettsalderinga til våren. Eg ser og at det vil vere naudsynt å få bruke av dei 6 reservetimane som er avsett på kommunenivå.**

- **Teneste 22201, lokale**
 - konto 11801 straum

Trass i ulike sparetiltak er det budsjettåret 2010 brukt godt over ein halv million kroner på straumutgifter ved Nordbygda skule. På budsjettet for 2011 er det budsjettert med kr. 450 000.

Med utviklinga på straumprisane, er det ikkje noko realistisk at straumutgiftene vil gå ned inneverande budsjettår. **Konklusjon: Konto 11801 bør aukast til min. kr. 500 000,-**

2) Nordbygda barnehage; - justering av inntektspost som har falle ut i budsjettinnspel

KRD/KS prognosemodell – etter oppdatering folketal 1.1.2011


MASFJORDEN	InnganglA1	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
MASFJORDEN	1266								
(år 2011-prisnivå i perioden 2011-20114)							PROGNOSE		
1000 kr		2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		11 588	12 424	15 672	16 730	31 409	31 409	31 409	31 409
Utgiftsutjevning		14 682	14 524	16 991	19 400	17 302	17 302	17 302	17 302
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)		-62	-4	-100	-41	539			
Saker med særskilt fordeling		71	281	178	227	430	430	430	430
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)		-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		5 083	5 296	5 535	5 707	4 839	4 839	4 839	4 839
Distriktstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	4
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.		1 209	1 209	1 004	539	-	-	-	-
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift		-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedskjønn i 2010/2011)		-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektsystemet		-	-	-	-	100	100	100	100
Justert skjønn momskomp 08		-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KR		914	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntektsutj 2007/Komp Fysioterapeutmidler 09		-	-3	21	-	-	-	-	-
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer		-	-	903	478	-	-	-	-
RNB2009 / RNB2010		-	-	414	3	-	-	-	-
Sum rammetilsk uten selskappskatt		33 485	33 727	40 618	43 043	54 619	54 080	54 080	54 084
Selskappskatt		946	6 714	-	-	-	-	-	-
Sum rammetilsk. ekskl inntektsutj.		34 431	40 441	40 618	43 043	54 619	54 080	54 080	54 084
"Bykлетrekke" (anslag etter 2010)		-6	-5	-2	-1	-2	-	-	-
Netto inntektsutjevning		-3 152	-5 853	-4 532	-4 569	-4 193	-4 193	-4 193	-4 193
Sum rammetilskudd		31 273	34 583	36 084	38 474	50 424	49 887	49 887	49 891
Rammetilskudd - endring i %			10,6	4,3	6,6	31,1	-1,1	-	0,0
Skatt på formue og inntekt		39 326	40 202	44 508	45 961	43 078	43 078	43 078	43 078
Skatteinntekter - endring i %			2,2	10,7	3,26	-6,27	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		70 599	74 785	80 592	84 400	93 500	93 000	93 000	93 000

Som inneber ein nedgang med 100.000,- i høve prognose etter statsbudsjettet 2011.

FAKTA & VURDERING

Generelt:

- nytt inntektssystem dårleg for Masfjorden, får ikkje kompensert for ”kostnadskrevjande forhold ved drifta og særpreg for kommunen – 3.deling/avstandar - fjorden”



- stadig nye driftstiltak (2010 og hittil 2011), og lite fokus på finansiering – hindrar finansiering av ønska investeringar
- auka ressurskrevjande brukarar
- auka låneopptak i 2011 utover handlingsregel reduserer handlingsrommet frå 2012 og 20 år fram.

Oppfølging av politiske vedtekne saker (2010 & 2011) og tekstpunkt (9.12.2010);

- tiltaksplan for å sikre at det er ledige plassar i Nordbygda barnehage for dei som ynskjer det.

→ Barnetalet i Nordbygda barnehage har auka sterkt, og alle tre avdelingane er no i bruk. Etter at opptaket for neste barnehageår no er fullført, har alle søkjarar fått plass. Etter opptaket er det 1 ledig plass. Ved tilflytting av fleire familiar som ynskjer barnehageplass, må kommunen sjå konkret på korleis dette kan løysast. Val av løysing vil i stor grad vera avhengig av alderen på barnet/borna og kor mange born dette gjeld. Ein kan vurdera å ta inn fleire born i eksisterande avdelingar. Dette krev styrking av personalet. Mest truleg kan tilflytting løysast slik i barnehagen neste barnehageår. Det er ikkje plass til å etablere fleire avdelingar i noverande barnehagebygg. Rådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å vurdera ei utbygging av barnehagen i Nordbygda ut frå det barnetalet ein no kjenner til. Det er likevel viktig å følgja utviklinga på tilflytting og fødselstal kontinuerleg, slik at kommunen kan vera i forkant med løysingar dersom behovet for barnehageplassar aukar.

- Kommunestyret ber om at det vert lagt fram sak om framtidig bruk av bygningane som var del av folkehøgskuleprosjektet og evt grunnen dei står på.
→ vert lagt fram som eiga sak
- Kommunestyret bed om at rådmannen legg fram sak om kapasiteten på Masfjorden sjukeheim.

→ Masfjorden sjukeheim vart opna i 2001 med 31 einsengsrom. I etterkant er eit kontorareal ombygd til ytterlegare eit rom med bad slik at vi no har 32 pasientrom med bad.

Rom bygd som røykerom (har aldri vore i bruk til dette) og pårønderom i tilknytning til kortidsavdelinga er også i periodar med overbelegg nytta til bebuarar. Desse er nytta til litt friskare bebuarar og er i realiteten ”tryggleiksrom” til dei som av ulike grunnar i periodar ikkje ynskjer å bu aleine heime. Eit av romma på kortidsavdelinga har vi hatt stor gjennomstrøyming og mange brukarar innom. Oftast 2 – 3 vekers opphald. I haust, opp mot budsjetthandsaming hadde vi ein periode med stor tilstrøyming av pasientar og vi måtte då ein periode ta i bruk ei ordning med doble rom. Dette er sjølvsagt ikkje ynskjeleg, men let seg gjennomføre med samarbeid med pasient og pårørande. I svært sjeldne tilfelle er pasient og/eller pårørande misfornøgd med ei slik mellombels ordning. Vi har no 34 pasientar buande på institusjonen. Alle på ein rom. Det er svært vanskeleg å planlegge dette. Over kort tid kan fleire døy og akutte behov for innlegging oppstå. Vi har etter vår oppfatning ein svært god sjukeheim der pasientar og tilsette trivs. I den grad vi kan planlegge belegg er det ikkje behov no for å planlegge utbygging

- **Willy Borge, Frp, sette fram Endringsframlegg nr 1)**
Vegvedlikehaldet vert styrka med 1 million som vert tatt frå fond slik at me får meir fast veidekke på dei gruslagte kommunale vegane som treng opprustning.

→ 2010 vart eit år med mykje meirutgifter til vintervedlikehald, og det ser ut til at vi opplever det same i 2011. Siste vintrane har gått hardt utover vegane. Det vert gjennomført synfaring på vegane no og utover våren, kor ein må pårekne endringar og omdisponering av innarbeidde tiltak, og kor ajourført tiltaksplan er tenkt lagt fram i mai 2011. Med dei siste års til dels omfattande investeringar og vidareføring av dette i 2011, med stor grad bruk av opparbeidde reserver/fond, har ein ikkje frie fondsmidlar som ein kan sette inn på vegvedlikehald. Alt. Finansiering er disponering av årsoverskot rekneskapen 2010, som kjem opp til handsaming i april 2011.

Driftsbudsjettet:

Frie inntekter står for nær 2/3 av finansieringa av drifta, og endring i høve folketal 1.1.2011 gjev berre eit mindre utslag. Frie inntekter (skatt og rammetilskot) går frå 93,6 mill.kr. til 93,5 mill.kr. etter justering folketal pr. 1.1.2011, og ein nedgang med 100.000,- i høve prognose etter statsbudsjettet 2011 er ein liten korrigerings, men tilrår at denne vert teken no, sum rammetilskot vert redusert med 100.000,-.

Ein har mange tiltak og ønskjer som går på å auke driftsnivået og driftskostnadene, og det er gjort ein del tiltak den seinare tid som medfører auka aktivitet, til dels basert på bruk av fondsmidlar og mellombelse tiltak, og ein nemner her;

Psykiatri

Folkehelsekoordinator

Styrarmodell barnehagane

Ressurskrevjande brukar(ar)

Brannordning

Landbruk

Legevakt

Jordmor, dyrare pga. færre kommunane med i samarbeid og kutt i NAV refusjon

Tiltak relatert til avsette fondsmidlar disp.fond drift

Ein del av desse tiltak er allereie innarbeidd i budsjettet og nokre treng meir avklaring før dei kjem inn. Ein må difor ha dette i tankane med omsyn til disponering av årsoverskot 2010 då ein ikkje ser for seg frie inntekter i 2011 til å dekke desse tiltaka elles.

Av innspel frå driftseiningane gjennomfører ein budsjettendring innafør rammeområde Barnehage – endring Nordbygda barnehage med å auke inntekt med 75.000,-.

Innspel frå Nordbygda skule har ein ikkje inndekkingsforslag til, og deler av det er knytt til tiltak vi må sjå nærare på utover våren – og vert difor ikkje innarbeidd i budsjettsalderinga.

Investeringsbudsjettet:

Investeringsbudsjettet for 2011 er stort, og investeringsbehovet er enno større. Ein har lagt til grunn lånefinansiering langt utover det vi har som ”tak” (sum opptak til investeringar = sum avdrag i driftsbudsjettet), og ein har gjennom dei siste års forholdsvis store investeringsbudsjett brukt opp eller disponert store deler av fondsreservane – slik at ein ikkje finn rom for nye tiltak i 2011.

Men i investeringsbudsjettet vil det komme tiltak som ikkje framgår av 2011 budsjettet, i form av vedtak tidlegare år, som eigne saker eller som del av tidlegare års budsjettvedtak, og desse må innarbeidast i 2011 budsjettet. Felles for desse tiltaka er at dei er fondsfinansiert.

Aggregat sjukeheimen	brutto om lag 300.000,-
Brannvarsling Sandnes skule	brutto 70.000
Sprinkling omsorgsbustadar	brutto 260.000
Garasje heimetenester indre	deler i 2010, rest i 2011
Vognskur Nordbygda barnehage og	tiltak elles barnehage i 2010 budsjettet
Fleirbrukshall	deler i 2010, rest i 2010
Bil TML	Sak 86/2010 – bil til teknisk m/Brøyteutstyr og strø – ca. 400.000,-. SAK 086/10 – KJØP AV BIL MED UTSTYR TIL VEDLIKEHALDSAVDELINGA

Kommunestyret godkjenner innkjøp av bil og utstyr til vedlikehaldsavdelinga.
Kostnaden eks. mva er kr. 412.477. **Finansiering** Fondsmidlar teknisk

Pipe fargeriet

Ombygging Nordbygda skule – tilpassing funksjonshemma elev, kalkyle med bruttokostnad 450.000,- for bygningsarbeid + evt. utstyr og eigeninnsats. Har ikkje finansieringsløysing og ikkje tilrådd gjennomført.

Brannordning m/Gulen + Molo Matre må vi komme attende til i budsjettrevisjon.

Ramma for startlån vert auka til 2,5 mill.kr., og samla låneopptak i 2011 budsjettet vert med det 11,5 mill.kr.

KONKLUSJON

Driftsbudsjettet;

Ein ser ikkje dei store endringsgrunnlaget for driftsbudsjettet 2011, har ikkje frie disponible inntekter og tilrår berre mindre justering i tråd med sum frie inntekter.

Investeringsbudsjettet;

Investeringsbudsjettet vert saldert med tilføring av prosjekt som ein veit kjem i form av tidlegare års vedtak/saker og tidlegare års budsjettvedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	24.03.2011	022/11	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 11/186
-----------	---------------------

SAK 022/11 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	11/815	I	15.02.2011	Skatteetaten	Kontrollrapport 2010 vedrørende skatteoppkrevjarfunksjonen i Masfjorden
2	11/1031	U	02.03.2011	Kommunestyret	Status bustadfelt Einestrاند

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-022/11 VEDTAK :

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 24.03.2011:

Ordførar Håkon Matre gjekk gjennom skriv og meldingar.

Møtebok frå eldrerådet 22.03.2011 vart delt ut i møtet.

Orienteringar v/rådmann:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om arbeidet med kommuneplanen. Hovudmålet er å få fleire innbyggjarar til kommunen.

Vi arbeider no med Sandnes og bustadtomtar der..

Det er fire familiar som vil byggja på Sandnes og me har og fleire innspel om å byggja på Andvik.

På Sandnes er det arbeidet med å få godkjente avkøyrslar som no er i fokus. Me skal ha synfaring med vegvesenet 1. april på strekninga frå ferjekaien og til Varleitet.

Det er eit stort press på å få lokalitetar i Masfjorden. Me har fått god kontakt med fiskerirettleiar om desse spørsmåla.

Spørsmål:

Willy Borge, Frp, ba om status på sal av dei kommunale bustadane på Sandnes og Nordbygda.

Han sa det er viktig å ha hus å tilby dersom me skal få fleire innbyggjarar til kommunen.

Borge sa at han har høyrte at det er folk som har teke kontakt med kommunen om å kjøpa, men dei har ikkje fått svar.

Rådmann Lovisa Midtbø svara og sa at det vil bli lagt fram ei sak om all kommunal eigedom som skal seljast i løpet av våren.

Me vil og då ta inn den gamle sjukeheimen der me har tippehuset med fleire små husvære i.

Når det gjeld spørsmålet om folk som vil kjøpa husvære har ikkje rådmannen søknad frå nokon som konkret vil kjøpa.

Når det gjeld dei nye bustadane på Hosteland vart det eine husværet seld med det same dei var ferdige. I dei fire andre husværa bur det folk som er tilsett i Masfjorden kommune. Dei som bur der, kan ikkje utan vidare få kjøpa bustaden dei bur i. Dersom ein skal selja bør husværa lysast ut for sal på den opne marknaden.

På Sandnes har det til no ikkje meldt seg kjøparar til husværa. Fire av fem husvære er utleigde. På grunn av utlysing av kommunale stillingar i løpet av våren, må me ha ledige husvære å tilby.

Klaus Nordli, leiar i eldrerådet ba om at det måtte bli montert teleslynge i kommunestyresalen.

Rådmannen opplyste at arbeidet med teleslynge er påbegynt.

Vigdis Søvik, Sp, synte til Næringskonferansen som var på Byrknes den 10. mars og felles formannskapsmøte med Gulen den 17. mars og hadde i samband med det desse spørsmåla:

Som Masfjorden kommune sin representant i GMU AS sitt styre, vil eg be ordføraren orientera Masfjorden kommunestyre om næringsbygget som er under planlegging i Sløvåg.

1. Kven er eigar av næringsbygget?
2. Kvifor er det problem med å få godkjent oppføring av bygget?
3. Korleis er kontakten og dialogen med Direktoratet for sivil beredskap?
4. Kva ansvar kviler på eigarkommunane i GMU i samband med oppføring av bygget?
5. Dette er eit industriområde med mykje spesialavfall og det er difor viktig med godkjenning og ikkje minst sikkerheit for arbeidstakarane våre i området.
6. Er symjehall i Steinsvågen med i planane til GMU om utvikling i Sløvåg?
7. Korleis skal me som politikarar forhalda oss til at leiar i Idrettsrådet i Masfjorden er prosjektleiar for symjehallen i Sløvåg?

Ordførar svara:

Spørsmål 1: Sløvåg Næringsbygg AS vil vera eigar av næringsbygget, som skal innehalda kontor for bedrifter, og der det også er planar om å etablere ein næringshage. Selskapet vart etablert i juni 2009, og GMU har bokført aksjar for kr 44.000,- (40%) i Sløvåg Næringsbygg AS. Å etablere næringsbygg i Sløvåg var ein av tiltaka som vart sett på GMU sin handlingsplan etter strategisamlinga mellom formannskapa i Gulen og Masfjorden og styret i GMU i mars 2009.

Spørsmål 2: I bygget er det tenkt servicefunksjonar for industriområdet, m.a. butikk/handel. Det er då m.a. krav om tryggleiksavstandar til område med eksplosiver, noko som gjeld både Baker og Halsvik Aggregates. Dialogen med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) har tatt lang tid, og han må vera avklåra før Gulen kommune handsamar saka.

Spørsmål 3: Kontakten og dialogen med DSB har stort sett vore frå dagleg leiar i GMU så langt. Det er først i desse dagar tilsett ein prosjektleiar som skal arbeida med etableringa av næringsbygget som oppdrag for Sløvåg Næringsbygg AS.

Spørsmål 4: Det kviler ikkje noko ansvar på eigarkommunane i samband med etableringa av næringsbygget i Sløvåg

Spørsmål 5: Offenlege mynde (m.a. DSB, Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) og Gulen kommune) vil ivareta dei vurderingane som må gjerast i denne samanheng.

Spørsmål 6: Symjehall er ikkje med i GMU sine planar.

Spørsmål 7: Leiar i idrettsrådet i Masfjorden har vore med i arbeidsgruppa frå starten, men han er ikkje leiar. Det er lag og organisasjonar, med støtte frå næringslivet, som har stått for prospektet, og det ligg ikkje til kommunane å meina noko om kven som skal representera initiativtakarane.

Ordførar sa at det vil bli laga ei oppsummering frå strategisamlinga i GMU 17.-18. mars 2011, der styret i GMU og formannskapa i dei to eigarkommunane deltok.

Det er no bestemt at protokollane frå GMU AS (styremøte, generalforsamling) skal leggst ut slik at alle kan få tilgang til dei.

Rådmann Lovisa Midtbø sa at det er rett at det har kome eit skriv frå arbeidsgruppa for symjehall i Sløvåg. Me må snakka med kommuneleiinga i Gulen og koordinera oss litt.

Røysting:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 24.03.2011 vert vitna

Håkon Matre
Ordfører

Leila T. Andvik
Kommunestyremedlem

Vigdis Søvik
Kommunestyremøte